



Bjørg Inga viser fram pinnakjøt, pinnabog og sylteflesk der ho står framfor eit kjøleskap med masse godsaker.

Det er ikkje langt mellom bilane som svingar opp på tunet hos Friheim Gardsmat i desse dagar. Mange

skal henta julematen sin. Varene deira er svært populære, og dei er utselde for både pinnakjøl, pinnabog og fårerull. Det populære pinnakjøtet og pinnabogen var oppbestilt for eit år sidan. Men dei har mykje andre godsaker.

Björg Inga Miljeteig fortel at dei no har stor trafikk av kundar som skal henta kjøtet til julemiddagen sin. Stort sett er det faste kundar frå år til år, og det må bestillast i svært god tid. Ho legg til at det er god omsetning av dei andre varene no i førjulstida, og dei har framleis populære varer som sylteflesk, forskjellige spekepølser, to variantar av kjøttpølser, bacon og blodpølse på lager.

No i førjulstida har Friheims Gardsmat delteke på 3 messer; - i Rosendal, på Nå og her heime i Uskedalen. Dei har opplevt svært god respons og godt salg over alt.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.